

## Saksutgreiing:

# HØYRINGSFRÅSEGN OM FORSKRIFT OM KVALIFIKASJONSKRAV FOR PERSONALE I FOLKEBIBLIOTEK

---

**Trykte vedlegg:** Høringsnotat frå Kulturdepartementet

**Utrykte vedlegg:**

---

## 1. Bakgrunn:

Frå 1. januar 2014 blir endringane i Lov om folkebibliotek (Folkebiblioteklova) gjort gjeldande. Kulturdepartementet har sendt framlegg til forskrift om kvalifikasjonskrav for bibliotektilsette på høyring. På grunn av kort høyringsfrist kunne ikkje saka handsamast i Regional- og kulturutvalet.

## 2. Problemstilling:

I den nye folkebiblioteklova står dette om kvalifikasjonskrav for kommunale folkebibliotek, § 5:

*«Alle kommuner skal ha fagutdannet biblioteksjef.»*

*Departementet kan dispensere fra bestemmelsen i særskilte tilfeller og gir nærmere forskrifter om kvalifikasjonskrav.»*

For fylkeskommunen gjeld dette, § 7:

*«Fylkeskommunen skal ha bibliotekfaglig kompetanse på ledernivå til å gjennomføre fylkeskommunale bibliotekoppgaver. Departementet gir nærmere forskrifter om kvalifikasjonskrav.»*

Framlegget til forskrift tydeleggjer kva kommunane og fylkeskommunane skal rekne som gyldig utdannings- og realkompetanse ved tilsetjing i stilling som biblioteksjef i kommunen, eller leiar med bibliotekansvar i fylkeskommunen.

## 3. Saksopplysningar:

Det har vore eit mål for departementet å utforme ny forskrift slik at ho blir enkel å forhalda seg til i praksis. Samstundes legg departementet vekt på at kompetanse er den viktigaste faktoren for å kunne tilby ei kvalitetsmessig forsvarleg bibliotekteneste.

### Framlegg til forskrift

Det blir framheva i lovforarbeidet at det ved vurdering av dispensasjon, vil bli lagt vekt på om kompetansekravet i staden kan oppfyllest ved samorganisering mellom kommunane, eller ved å tilby aktuelle kandidatar tilleggsutdanning.

Departementet legg til grunn at kvalifikasjonskrava i folkebiblioteklova sin § 5 (om kompetanse i kommunale folkebibliotek) og § 7 (om fylkeskommunen sin bibliotekfaglege kompetanse på leiarnivå) skal vera like.

### §2 Kvalifikasjonskrav

*«Biblioteksjefen er den faglige og administrative leder for kommunens samlede*

*folkebibliotekvirksomhet. Ved utlysning av ledig stilling som biblioteksjef i kommunen skal det stilles krav om fagutdanning.*

*Med fagutdannet biblioteksjef i kommunen og bibliotekfaglig kompetanse i fylkeskommunen forstås kandidat med bachelor- eller høyere grad, der minst 120 studiepoeng bibliotekspesifikke fag inngår, eller kandidat med bachelor- eller høyere grad med minst 60 studiepoeng bibliotekspesifikk påbygning, eller tilsvarende utdanning.*

*Der en kandidats praktiske erfaring i bibliotek overstiger tre år, kan dette komme i stedet for den bibliotekspesifikke påbygningen.»*

Departementet peiker på at det ikkje lenger er mogleg å knyta godkjenning av kompetanse til spesifikke utdanningstilbod, fordi det er fleire fag som er bibliotekrelevante. Det er også mange fag som kan kombinerast med bibliotekrelevante fag i ein bachelorgrad.

Framlegget om at realkompetanse kan koma i staden for formell utdanning er nytt, og departementet ønskjer innspel på om tre års praktisk erfaring er tilfredsstillande for å kompensera for manglande formell kompetanse.

### **§3 Dispensasjonsadgang**

*«Nasjonalbiblioteket kan dispensere fra kravet om fagutdannet biblioteksjef dersom kommunen dokumenterer at det etter offentlig utlysning ikke har meldt seg kvalifisert søker. Ved avgjørelsen skal det legges vekt på om interkommunalt samarbeid med nabokommunen er vurdert.*

*En innvilget dispensasjon opphører når arbeidsforholdet til biblioteksjefen avsluttes».*

Etter lovendringa er det berre høve til å søkja om fast dispensasjon. Det blir framheva i lovforarbeidet at det ved vurdering av dispensasjon, vil bli lagt vekt på om kompetansekravet i staden kan oppfyllast ved samorganisering mellom kommunar, eller ved å tilby aktuelle kandidatar tilleggsutdanning. Fylkeskommunen har ikkje høve til å søkja om dispensasjon frå kravet om bibliotekfagleg kompetanse på leiarnivå.

Departementet meiner det er føremålstenleg at ansvaret for å vurdere søknader om dispensasjon framleis bør delegerast til Nasjonalbiblioteket.

### **§ 4 Særlig unntaksadgang**

*Kommuner med bred bibliotekfaglig kompetanse kan ansette biblioteksjef uten bibliotekfaglig utdanning. Med bred bibliotekfaglig kompetanse menes her bibliotek som har minst fem ansatte som allerede oppfyller kvalifikasjonskravene i § 2.*

Fram til no har større kommunar kunna søkja dispensasjon frå utdanningskravet ved utlysning av biblioteksjefstillinga dersom dei har brei bibliotekfagleg kompetanse i staben. Med framlegget til ny forskrift, så fastset departementet kva som er kravet til brei bibliotekfagleg kompetanse, slik at kommunen ikkje treng å søkja dispensasjon.

I Rogaland vil dette seia at Haugesund, Sandnes og Stavanger ikkje treng å stilla krav om fagutdanning for biblioteksjefen neste gong dei skal tilsetja, dersom resten av staben er som i dag.

#### **4. Fylkesrådmannen sine vurderingar:**

20 av 26 kommunar i Rogaland hadde fagutdanna biblioteksjef per 31.12.2012. Det er grunn til å tru at Biblioteklova sitt krav om dette, har vore medverkande til at talet har auka og vore stabilt, men det er jamt over vanskeleg å få fagutdanna søkjarar til deltidsstillingar i små kommunar. Dei 6 kommunane er delvis særsmå, og elles på stader som har hatt utfordringar med å rekruttera fagutdanna biblioteksjefar.

Det er positivt at ein i forskrifta tek høgd for differensierte utdanningar og kombinasjonar av utdanningar. Biblioteksjefane utan fagutdanning i Rogaland har nesten alle bachelorgrad eller meir. Det vil seia at dersom forskrifta blir vedteken slik ho er, så kjem truleg nesten alle biblioteka i fylket til å kunna kryssa av for at dei har fagutdanna biblioteksjef, utan at det er tilsett nye biblioteksjefar, eller gjort noko med etter- og vidareutdanning.

Ein generell regel om at realkompetanse kan koma i staden for bibliotekspesifikk påbygging, kan få uheldige konsekvensar dersom ein ikkje tek høgd for at det er ulike funksjonar i eit bibliotek. Dersom forskrifta blir lydande som framlegget, så tyder det at ein person som har bachelor i eit mindre relevant fag, og har jobba med enklare oppgåver i eit større bibliotek, formelt står sterkare enn ein som har ei meir relevant utdanning (t.d. lærar eller kultur) og har leiarrøynsle utan bibliotekpraksis.

På den andre sida kan det òg sjåast som urimeleg når ein biblioteksjef utan fagutdanning, men med lang røynsle som biblioteksjef, etter å ha fått dispensasjon frå utdanningskravet tidlegare, søker ei stilling i nabokommunen og stiller bak heilt nyutdanna bachelorkandidatar i søknadsrunden. Fylkesrådmannen meiner det bør spesifiserast nærmare kva praksis som skal kunna godkjennast som realkompetanse, sidan denne realkompetansen berre treng å godkjennast av kommunen sjølv, utan å søkja dispensasjon.

Fylkeskommunen sine lovpålagde bibliotekoppgåver omfattar kompetanseutvikling og rådgiving til lokale styresmakter. Fylkeskommunen har grundig kunnskap om kommunane og er ofte rådgjevar for kommunar når stillinga som biblioteksjef skal utlysast. I den dialogen er det mogleg å gi innspel om at ein t.d. bør lysa ut heile stillingar, eller søkja samarbeid om biblioteksjefstillinga med nabokommunen. Dersom ein ikkje får fagutdanna søkjar, kan fylkeskommunen hjelpa med å finna skreddarsydde utdanningar til biblioteksjefar som ikkje har fagutdanning, eller få til samarbeid med nabokommunen, som har fagutdanna biblioteksjef.

Med fylkeskommunen si rolle i tankane meiner fylkesrådmannen at fylkeskommunen bør vera høyringsinstans for Nasjonalbiblioteket i dispensasjonssaker.

#### **5. Konklusjon:**

Fylkesrådmannen meiner at endringane i forskrifta, i det store og heile, gjer det både enklare og klårare å definera kva som er bibliotekfagleg kompetanse. Det er likevel for enkelt å seia at tre års arbeidsrøynsle frå bibliotek kan erstatta ei

fagutdanning, dersom bachelorgraden i botn ikkje inneheld så relevante fag eller bibliotekpraksisen ikkje er på høgre nivå enn typiske sekretæroppgåver. Samstundes er det ikkje rimeleg at ein biblioteksjef som fekk dispensasjon frå utdanningskravet for 10 år sidan, plutseleg skal reknast som ukvalifisert og søkje om ny dispensasjon dersom ho/han vil bli biblioteksjef i nabokommunen. Difor ønskjer fylkesrådmannen å stramma det inn til at personar som ikkje har nok fagutdanning, men har 3 år praksis som biblioteksjef, kan tilsetjast som ny biblioteksjef utan krav om dispensasjon.

Når det gjeld spørsmålet om dispensasjon, meiner fylkesrådmannen at ein søknad om dispensasjon må sendast på høyring til fylkeskommunen.

Den særlege unntaksordninga for bibliotek med brei bibliotekfagleg kompetanse i staben, bør spesifiserast til at det skal vera 5 årsverk med bibliotekfagleg kompetanse, ikkje 5 tilsette.

### **Framlegg til vedtak:**

Fylkesutvalet i Rogaland fylkeskommune har desse framlegga til endring av forskrift om kvalifikasjonskrav for personale i folkebibliotek:

1. §2 siste avsnitt endrast til: «Der en kandidats praktiske erfaring som biblioteksjef overstiger tre år, kan dette komme i stedet for den bibliotekspesifikke påbygningen.»
2. §3, nytt avsnitt: «Fylkeskommunen er høringsinstans ved søknad om dispensasjon.»
3. §4, 2. setning endrast til: «Med bred bibliotekfaglig kompetanse menes her bibliotek som har minst fem årsverk med ansatte som allerede oppfyller kvalifikasjonskravene i §2.»

Elles meiner fylkesutvalet at forskrifta gjev eit godt grunnlag for at kommunane kan tilsetja fagleg kompetente biblioteksjefar i åra frametter.

Saksutgreiinga fylgjer med vedtaket ved innsending til departementet.

Trond Nerdal  
fylkesrådmann

John Gunnar Johnsen  
fylkeskultursjef

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*